

Fra: Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)
Sendt: 13.02.2014 12:08:51
Til: Ellen Strøm Synnevåg
Kopi:

Emne: Fwd: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv
Vedlegg:

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: <regional@hfk.no>
Dato: 13. februar 2014 11:33:26 CET
Til: <jonvoll@hfk.no>, <mattorg@hfk.no>
Emne: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv

tiltak: Turnleik for born!
sokjar: Kinsarvik idrettslag
orgnr: 993569915
kontakt: Per Sigurd Hegerland
epost: psh@hardangerenergi.no
tlf: 48 13 86 46
kostnad: kr.102 000
SUMfinans: kr.102 000
soknadssum: kr.45 000
andre: Nei
andre2: Nei
budsjett: Utgifter:
Kurskostnad (6 pers a kr.1500): kr.9 000
Materiell/utstyr: kr.40 000
Leige lokale/utvask: kr.5 000
Dugnad KIL: kr.48 0000
Finansiering: Tilskot HFK: kr.45 000
KIL (lege lokale/utvask): kr.5 000
KIL utg. utstyr: kr.4 000
Dugnad KIL (aktivitet): kr.33 0000
Dugnad KIL (kurs): kr.15 000
skildring: Kinsarvik idrettslag (KIL) er eit allidrettslag som driv eit allsidig aktivitetstilbod i Kinsarvik og omegn for folk i alle aldrar. KIL har lyst å utvide tilbodet sitt til også å omfatte ”Turnleik for born”. Det har vore stor etterspurnad etter eit slikt tilbod frå born i alderen 6 – 13 år og føresette av born som fell utanfor dei aktivitetstilboda som er lokalt.

”Turnleik for born” vil utførast ein gong per veke ettermiddagstid, inndelt i aldersbestemde grupper. KIL driv alle sine aktivitetar på dugnad og ein har frivillige vaksne med kompetanse innan idrett og fysisisk aktivitet som ynskjer å starte opp aktiviteten i samarbeid med KIL. Ein vil gi tilbod om kurs til desse frivillige slik at idretten vert utøva på ein best mogleg måte, med minimal risiko.

Tilbodet er eit lågterskel aktivitetstilbod - ope og gratis - for alle born i aldersgruppa 6 – 13 år. Å vere fysisisk aktiv i denne alderen er viktig får å danne gode aktivitetsvanar til ein vert eldre. Ein vil vere spesielt merksam på born som fell utanfor dei tilboda til

aktivitet som er i per dag, dette i samarbeid med skule, helsestasjonstenesta og innvandrarsenteret. KIL vil ha ei ”fadder ordning” for born med innvandrar bakgrunn; slik at desse får tilbod om skyss til og frå aktiviteten med andre som tar del i aktiviteten. Då Ullensvang er eit herad med mange små bygder og store avstandar samlar idretten mange born som gjer at dette vert eit aktivt sosialt fellesskap og er ein flott plass for integrering.

maal: Målet er av førebyggjande og helsefremjande karakter. Det ein ynskjer er å stimulera til eit breiare tilbod til fysisk aktivitet for born i aldersgruppa 6-13 år lokalt. Det å få eit allsidig bevegelsesgrunnlag i ung alder - noko gymnastikk og turn gjer - kan leggje grunnlaget for ein livslang idrettsinteresse. Fysisk aktivitet er også medverkande til at born og unge får eit betre sjølvbilete og større sosial kompetanse.

Nedgangen i fysisk aktivitet er tydelig i skulealder og er merkbar i Ullensvang herad (som mange andre plassar i landet) allereie frå 5. klasse. Statistisk ligg Ullensvang høgt oppe ift inaktivitet blant ungdom (jmf. UngData undersøking) og denne trenden er viktig å endre. ”Aktive born vert ofte aktive vaksne” er ein av tankane bak tiltaket – har ein fleire aktivitetar å spele på er det større mulighet å finne ein aktivitet ein kan trivast med. Då turn er med på å utvikle ein grunnmotorisk plattform er dette noko ein vil nytte godt av uansett kva idrett ein ynskjer seinare å drive med
gjennomføring: Prosjektet vil gjennomførast som eit prøveprosjekt dette fyrste året. Ein vil at aktiviteten så skal implementerast i det årlege aktivitetsprogrammet til KIL. Det er behov for å kjøpa inn noko utstyr til aktivitetstilbodet.

April 2014: Førebuing

Mai 2014: Kurs av frivillige

August 2014: Oppstart av aktivitet

August 2014 – Mai 2015: Aktivitet

April 2015: Evaluering av aktivitet

Mai 2015: Førebuing/vidareføring av aktivitet

samarbeid: Kinsarvik idrettslag er eigar av prosjektet, men har ulike samarbeidspartar lokalt som; Kinsarvik barne- og ungdomsskule, Ullensvang helsestasjon, Ullensvang innvandrarsenter og frivillige. KIL vil gjennomføra aktiviteten i samarbeid med frivillige. Andre samarbeidspartar er med å rekruttera og annonserer tilbodet. Innvandrarsenteret/flyktningsstenesta vil også gjere nødvendige avtalar med KIL ift ”fadderordninga”.

spesifiser: Ingen